

## Årsmelding Ålesund Senioruniversitet 2024

Årsmøtet var lagt til NTNU Ålesund torsdag 21.03.24 kl 18.00 det 22 medlemmar med stemmerett deltok.

### Det nye styret vart valde samrøystes i samsvar med valkomiteen sitt forslag:

Styrelleiar:	Sindre Røsvik	1 år (ny)
Styremedlemar:	Arne Vik	2 år (attval)
	Åshild Støbakk	1 år
	Trygve Haagensen	1 år
	Ragnar Johansen	2 år *
	Grete Ertresvåg	1 år (ikkje på val)
	Toril Krohn Alvestad	1 år (ikkje på val)

Varamedlemar:	Karl Fredrik Klokk	1 år (ny)
	Per Gunnar Vasset	1 år (ny)

\*feil, vald i 2023 for to år

Revisor:	Kari Westre	1 år (attval)
----------	-------------	---------------

Valkomite:	Inger Anne Knudsen	2 år (ny)
	Inger Otterlei	2 år (ny)
	Asbjørg Langeland	1 år (ikkje på val)

Varamedlem:	Lars Arve Emblem	1 år
-------------	------------------	------

## **Arbeidet i styret**

Styret konstituerte seg slik:

Sindre Røsvik, leiar

Åshild Støbakk, nestleiar og temaforedrag

Grete Ertresvåg, sekretær, redaksjonskomité og studieutval

Arne Vik, kasserer, digitalt arkiv, studieutval og redaksjonskomité

Ragnar Johansen, styremedlem, studieutval og prosjektansvarleg Ukraina-prosjektet

Toril Krohn Alvestad, styremedlem og temaforedrag

Trygve Haagensen, styremedlem og kafémøte

Varamedlemar var fast innkalling til styremøta og med ansvar for ulike oppgåver.

Karl Fredrik Klokk, varamedlem og kafémøte

Per Gunnar Vasset, varamedlem, temaforedrag og prosjekt

Dei ulike funksjonane endra seg litt gjennom året og medlemmane i styret har tatt ulike oppgåver etter behov. Styret har hatt 10 styremøte, og i tillegg møte med studiegruppene, programkomiteen og Ukraina-prosjektet. Styreleiar har deltek i nokre av desse møte men elles er oppgåvene fordelte som vist ovanfor. Som tidlegare år har det vore arrangert kafémøter med tema datahjelp.

Styremøta har i hovudsak vore lagt til Spjelkavik seniorsenter men i haust kom vi også på plass i Moa helsehus, og får disponere eit rom til møte noko som er særleg bra for nokre av studiegruppene.

## **Medlemsblad**

Redaktøren for medlemsbladet Årstein Skiftun sa frå seg dette arbeidet og styret arbeidde med å finne ny redaktør. Det tok si tid, men Kåre Sæter tok etter kvart på seg oppgåva. Saman med redaksjonskomiteen kom medlemsbladet ut, men Kåre Sæter sa frå seg oppgåva og styreleiaren tok ansvaret som redaktør for siste nummeret. Sæter engasjerte seg i arbeid med temaforedrag. Styret og den nye redaktøren drøfta ein del strategi og mål for medlemsbladet og medlemsinformasjonen. Her står det igjen vurderingar og val av veg vidare. Bladet er ein viktig som informasjonskanal. Vi tek sikte på å gi ut medlemsbladet som før, men må ha ein redaktør som saman med redaksjonskomiteen kan gi bladet eit interessant innhald.

## **Facebook**

Facebooksida, med 863 følgjarar, er ein viktig kanal ut til medlemmane og andre som vil følgje med på våre aktivitetar. Sida fungerer som eit rekruttering for nye medlemmar.

## Nettside

På nettsida aasu.no (åsu.no) legg vi ut oppdatert informasjon om organisasjon, aktivitetar og arrangement. Vi kan lenke hit frå e-post og SMS. Vi opplever at e-post ofte ikkje kjem fram eller vert oversett/hamnar i søppelpost, og nettsida er då ein god fast plass for opplysningar om aktivitetar. Spesielt er oppdatert møteplan og opplysningar om gruppene nyttig for nye medlemmer som vil orienter seg. Nettsidene inneheld elles PDF versjon av Medlemsbladet m/arkiv, innmeldingsside og kontaktformular.

## Medlemmer:

Tenestene for medlemsadministrasjon frå StyreWeb fungerer godt, med innbetaling av kontingenten via bank eller Vipps, god statusoversikt og enkel innmeldingsfunksjon.

Ved utgangen av 2024 hadde ÅSU 473 medlemmer (årsauke på 22) - gjennomsnittsalder 77 år.

25 medlemmer har ikkje betalt, etter fleire purringar. I tillegg er 15 strokne frå medlemslista etter ikkje å ha betalt kontingent dei to siste åra.

## Økonomi:

Rekneskapen er ført gjennom StyreWeb sitt IT-baserte rekneskapssystem. Dette gir god og oppdatert oversikt. Merking av posteringar (prosjekt) gir mulegheit for å samle utgifter og inntekter på tvers av balansekontoar. Bruk av KID gjer innkreving av kontingenten sikrere og enklare.

Økonomien er god, med ein likvid kapital pr. 31.12.24 på kr 399.402 (årsauke: kr 49.489). Det gir styret eit godt grunnlag for vidare utvikling og drift av ÅSU.

## Studiegruppene

Vi har 14 studiegrupper med frå 6 (Bridge) til 180 (Kino) medlemmer. Møtefrekvens er frå kvar veke til ein gong i månaden. Til saman har det vore om lag 180 møter/samlingar. Leiarane av studiegruppene fortener takk for innsatsen med å halde gruppene i gang. Studieutvalet har hatt eit aktivt år, god kontakt med gruppene og mykje har skjedd dette året; i stikkords form:

- ✓ Utarbeidd [retningsliner](#), i nært samarbeid med studiegruppene
- ✓ Oppdatert [møtekalender](#) på nett i sann tid, med opplysning om det er plass til nye i gruppene (grøn, oransje, raud)
- ✓ Presentasjon av gruppene på nettsida til ÅSU (aasu.no)
- ✓ Kontakt mellom Studieutvalet og gruppene ved fellesmøte og besøk i gruppene
- ✓ Tatt i bruk nytt undervisnings- og møterom i Ung i Ålesund sine nye lokale. i Moa helsehus
- ✓ Ommøblering med betre plass på styre- og møtekontoret på Moa seniorsenter og utarbeiding av kalender for rommet i samarbeid med Pensjonistforbundet

I haustsemesteret har Ragnar hatt «permisjon» frå Studieutvalet som leder for prosjektet «Miljøfaglig møte med norsk språk, kultur og natur». Grete og Arne har halde styret godt informert om aktivitetane.

### **Temamøte:**

- 25.01: Kristoffer Leirvåg og Ove Fremsæter «Kunstig intelligens i stålekraftbehandling av kreft»
- 28.02: Bjørn Inge Ruset om «Totalforsvar, kva er det og kvifor er det viktig»
- 21.03: Årsmøte
- 25.04: Marianne Synnes Emblemsvåg «Persontilpasset medisin-behandling som er skreddersydd for deg»
- 30.05: Krigshistorisk vandring på Tueneset fort
- 29.08: Arne Opheim om «Besteforeldrerolla»
- 26.10: Jan Erik Røsvik «Sosiale media, kunstig intelligens, media og demokrati»
- 31.10: Lene Bjørlo Overå «Kva eldre kan forvente av tenester i framtida»
- 28.11: Tom Anker Skrede «Turismedestinasjonen Ålesund og Sunnmøre, status, utvikling og ringverknader»
- 05.12: Julemøte med rømmegrøt og spekemat, musikk ved Arne Vik og Einar Longva og bildeforedrag ved Stein Lauritsen «Skogsturer uten klokke»

Temamøta er organisert av Åshild Støbakk, Torild Krohn Alvestad, styreleiar og siste halvår har Per Gunnar Vasset også vore med. Kåre Sæter har deltatt for vårsemesteret.

### **Datakafe:**

Kvar 14. dag på Rematun, Spjelkavik omsorgssenter **Natur og kultur:**

- 14.06: Haram – gjensitt i Fjellstua
- 03.09: Godøysamfunnet
- 01.10: Alnes samfunnet

Tilbodet blir organisert av Sølvi Furnes som tek kontakt med aktuelle personar eller organisasjonar i lokalmiljø vi besøker. Det er stor interesse for turane som også er dekte med omtale i bladet.

### **Samarbeid:**

Som tidlegare år har ÅSU hatt eit godt samarbeid om lokale med NTNU, Spjelkavik omsorgssenter, Frivilligsentralen Moa bibliotek, Pensjonistforbundet og generelt med Ålesund kommune. Dette vart som omtalt utvida med tilgang til nye lokale i Moa helsehus. Også samarbeidet med Odeon kino bør trekkast fram. I tillegg til faste kinotilbod for ÅSU hadde vi filmen «Lengsel etter Nåtid» samtale med regissør Knut Erik Jensen, der Ukraina-gruppa var spesielt inviterte.

ÅSU tok i haust initiativ til eit regionalt møte for senioruniversiteta (-akademia) i fylket der også NTNU og høgskulane var inviterte. Møtet var interessant og inspirerande. Konklusjonen var at vi kan lære av kvarandre og det er aktuelt med nye møte i 2025. Utdanningsinstitusjonane presenterte aktuelle tilbod, som vi må arbeide vidare med.

## **Prosjekt:**

Ålesund senioruniversitet vidareførte Ukraina-prosjektet frå 2023 med midlar frå UDI via Ålesund kommune. Dette har vore eit omfattande prosjekt som har kravd mykje arbeid. Ragnar Johansen har vore drivkrafta i prosjektet og lagt ned ein særstør innsats. Ragnar, Toril Krohn Alvestad og styreleiar har hatt jamlege samarbeidsmøte med den ukrainske foreininga FUKI som organiserer kulturelle tilbod for sine medlemmar og samarbeider med organisasjonar i det norske samfunnet. Av aktivitetane vi har stått for er turar til fots i nærmiljøet og med buss i regionen der det er gitt grundig informasjon om øyar, bygder og næringsliv. Det har vore språkkafeer med læring av ord og omgrep, informasjon om samfunnet, og praktiske aktivitetar med matlagings og kunst. Møtelokalet har vore Frivilligsentralen i Ålesund. Ragnar har hatt ein finger i og hand om det meste. Mange ukrainarar har delteke og hatt utbytte av prosjektet. For ÅSU har vart det i overkant utfordrande å få engasjert nok medlemmar men prosjektet vart fullført på ein god måte. Tilbakemeldingane frå dei ukrainske deltakarane er svært positive.

## **Oppsummering:**

2024 har vore eit svært aktivt år og arbeidet i styret har vore fordelt slik at aktivitetane har gått på ein god måte. Det er mange aktivitetar som krev mykje og styret har sett behov for å få aktivisert fleire medlemmar. Å få med fleire kan gjerne gå på enkelt aktivitetar innanfor folk sitt interesseområde, og då kan vi også få i gang nye aktivitetar.

Namnet senioruniversitet verkar forpliktande. Universiteta gir generell og spesialisert utdanning på høgt nivå og det er forventet høg standard på tilboda. Vi står fritt i å definere både mål og innhald. Ålesund senioruniversitet vil gi eit sosialt og lærande fellesskap for våre medlemmar, ein møteplass for å lære meir, forstå meir, kunne ha kvalifiserte meiningar om samfunnet vi er ein del av. Styret har ambisjonar om stadig å utvikle kvalitetstilbod for medlemmane våre for å oppnå dette. Og vi vil nå ut til fleire. Organisasjonen fungerer godt etter kvart som rutine har kome på plass, men er heilt avhengig av engasjerte styremedlemmar. Vi har ikkje ein betalt administrasjon, så alt arbeid blir utført av styret og aktive medlemmar. Å vere aktiv gir mykje meir enn å vere passiv. Så vi må finne måtar slik at fleire får vere med og bidra med det ein brenn for.

Vi ser eit heilt klart potensiale i eit utvida samarbeid med utdanningsinstitusjonane. NTNU er klare på at dei spelar på lag og vil kome med tilbod som kan passe for senioruniversitet. Det same gjeld Høgskulen i Volda som har digitale tilbod der vi kan få til noko for interesserte medlemmar. Og dialogen med Høgskolen i Molde seier dei gjerne vil kome i dialog. Samfunnet er i rask endring på godt og vondt og vil gjerne vere oppegående og nytte oss av nye moglegheiter. Eit aktuelt stikkord kan vere KI, kunstig intelligens som no er tilgjengeleg for alle. Vi ser fram til eit samarbeid i regionen for å lære, få informasjon og inspirasjon.

Til sist må eg som styreleiar få takke styret for stort engasjement og ein imponerende innsats. Som det går fram av oppgåvefordelinga då vi konstituerte oss var ting i god gjenge frå dag ein. Når no halve styret går ut er det klart at kvar enkelt blir sakna for den

unike innsatsen dei har gjort. Så er det å håpe at dei blir med som unikt aktive medlemmar som blir med og utviklar senioruniversitetet der dei blir med.

Det nye styret vil ikkje mangle oppgåver eller utfordringar, men kan sjå fram til eit spanande år.

Ålesund 14.01.25

Sindre Røsvik  
Leiar

Åshild Støbakk

Arne Vik

Grete Ertresvåg

Toril Krohn Alvestad

Ragnar Johansen

Trygve Haagensen